



NVE
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Arkivsakid-doknr:	19/694-5	Saksh:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	21/5282	Telefon	53 67 3652	K2-S11, K3- &18		16.06.2021

Uttale til søknad om konsesjon for Tveitafoss kraftverk

Eidfjord kommunestyre - 21/037:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune tilrår at Hardanger Energi AS får konsesjon for Tveitafoss II.

Kommunen vil knyta følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

- Krav til minstevassføring skal ta omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Drift av kraftstasjon skal ikkje gje negativ effekt på overleving av laks og sjøaure på gyte- og oppvekstområde og smoltutvandring.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnar Elnan
Rådgevar Drift og forvaltning

Andre mottakarar:
Hardanger Energi AS Postboks 33 5782 KINSARVIK

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord - unik frå fjell til fjord



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	03.06.2021	21/085
Eidfjord kommunestyre	14.06.2021	21/037

Uttale til søknad om konsesjon for Tveitafoss kraftverk

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
24.03.2021	Høringsbrev Tveitafoss kraftverk
27.03.2020	Administrative innspel til presentasjon av hovudråmer for konsesjonssøknad for Tveitafoss kraftstasjon
07.10.2019	Tveitafoss kraftverk - konsesjonshandsaming i medhald av vannressurslova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune tilrår at Hardanger Energi AS får konsesjon for Tveitafoss II. Kommunen vil knyta følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

- Hardanger Energi AS må synleggjera effekt av ulik minstevassføring i Tveitafossen. Krav til minstevassføring skal ta omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Drift av kraftstasjon skal ikkje gje negativ effekt på overleving av laks og sjøaure på gyte- og oppvekstområde og smoltutvandring.

Vedtak som innstilling frå Eidfjord formannskap - 03.06.2021 - 21/085

Eidfjord kommune tilrår at Hardanger Energi AS får konsesjon for Tveitafoss II. Kommunen vil knyta følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

- Krav til minstevassføring skal ta omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Drift av kraftstasjon skal ikkje gje negativ effekt på overleving av laks og sjøaure på gyte- og oppvekstområde og smoltutvandring.

03.06.2021 - Eidfjord formannskap

Sak 21/085, fremja av Medhus, Gunvall, Eidfjord arbeidarparti

Slette fyrste setning i fyrste kulepunkt.

Gunvall Medhus
Eidfjord Arbeidarparti

Røysting på framlegg med endringsframlegg frå Gunvall Medhus (AP):

Framlegget vart tilrådd med 4 røyster for og 1 røyst mot.

FSK - 21/085 - Vedtak:

Eidfjord kommune tilrår at Hardanger Energi AS får konsesjon for Tveitafoss II. Kommunen vil knyta følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

- Krav til minstevassføring skal ta omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Drift av kraftstasjon skal ikkje gje negativ effekt på overleving av laks og sjøaure på gyte- og oppvekstområde og smoltutvandring.

14.06.2021 - Eidfjord kommunestyre

Røysting på rådmannen sitt framlegg:

13 røyster for, 4 røyster mot.

Røysting på innstilling frå formannskapet:

14 røyster for, 3 røyster mot.

Formannskapet si innstilling vart vedteke.

KST - 21/037 - Vedtak:

Eidfjord kommune tilrår at Hardanger Energi AS får konsesjon for Tveitafoss II. Kommunen vil knyta følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

- Krav til minstevassføring skal ta omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Drift av kraftstasjon skal ikkje gje negativ effekt på overleving av laks og sjøaure på gyte- og oppvekstområde og smoltutvandring.

Vedlagt:

Konsesjonssøknad

Desse har uttalt seg i saka:

Saka har vore lyst ut i lokalavisene av NVE. Kommune har informert om lokal høyring på heimesida og lagt dokument i ekspedisjonen på kommunehuset.

Vedtaket skal sendast til:

NVE

Endeleg avgjerd i:

Kommunestyre

Saka gjeld:

NVE sender på høyring Statkraft sitt revisjonsdokument datert februar 2021.

NVE avgjorde den 7.10.2019 at Tveitafoss kraftverk vert kalla inn til konsesjonshandsaming av omsyn til fiskebestandane i Bjoreio. Samstundes sender NVE på høyring framlegg til revisjon av konsesjon for Eidfjord Nord. Rådmann vel å leggja desse sakene fram samstundes da både sakene vedkjem vilkår i Bjoreio. Kommunen er beden å leggja til rette for lokal høyring.

Tveitafoss kraftverk er eigd av Hardanger energi. Hardanger Energi AS (HE) ynskje å utnytte vatnfallet i Bjoreio, og søker om følgjande løyve:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- *Alternativ I: Å driva eksisterande Tveitafoss kraftverk med dagens aggregater frå henholdsvis 1949 og 1989*
- *Alternativ II: Å driva eksisterande Tveitafoss kraftverk vidare med eit aggregat fra 1989 og i tillegg byggje eit nytt Tveitafoss II kraftverk*

Etter energiloven om løyve til:

- *drift av kraftverkene som beskrevet ovenfor med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*

HE har ikkje konsesjon for eksisterande kraftvert i Tveitafossen. Det betyr at det ikkje er formelle krav sett av offentleg myndigheit til drifta i dag. Likevel har HE pålagd seg sjølv og som frivillig ordning å følgja ei vasstandsregulering i inntaksdammen som inneber å at denne ikkje skal tappast lågare enn 5 cm under overløp på damoverløpet. Vidare har det vore installert omløpsventil for å hindra brått fall i vasstand ved utfall.

Både kraftverkalternativa vil utnytte samme fall som dagens kraftverk. Inntaksbassenget ligg på kote 232,0 og kraftstasjonane på kote 167,0 for både alternativa. Kraftstasjonane ligg i dagen. Installert effekt i alternativ I for eksisterande anlegg, Tveitafoss kraftverk, er samla på 1,7 MW for dei to aggregatene og i alternativ II 5,5 MW fordelt på eit aggregat på 1,0 MW i Tveitafoss og eit aggregat i Tveitafoss II på 4,5MW. Vassføring større enn 3,4 m³/s renn i elva som overløp ved alternativ Tveitafoss I. Vassføring større enn 10,5 m³/s renn i elva som overløp ved alternativ Tveitafoss II.

I eksisterende dam vil bunnappeluka oppgraderast til ein kombinert-bunnappeluke/minstevassføringsarrangement. For alternativ Tveitafoss II vert føreslått å sleppe alminneleg lavvassføring på 0,3 m³/s heile året. I tillegg vert slept alt vatn i mai. I perioden 1.-15. juni driftest kraftverket slik at meir vatn er tilbake i elva enn det som går gjennom turbinen dersom det framleis vert utsetting av laks oppstrøms Tveitafossen. Dødelegheit av smolt gjennom turbinane vurderast difor å bli redusert i stor grad, og sannsynlegvis tilnærma eliminert.

Vurdering:

HE har fremja to alternativ til konsesjonssøknad, men i realiteten kan mange kombinasjonar sjåast. Likevel tek rådmann utgangspunkt i det som ligg føre og meiner konsesjonssaka står mellom tre alternativ.

1. Konsesjon for eksisterande kraftstasjon utan endringar.

2. Konesjon for endringar av eksisterande kraftstasjon, alt. 1.
3. Konesjon for endring av eksisterande kraftstasjon og bygging av ny, alt. 2.

I vurderinga vert det lagt spesielt vekt på effekt for anadrom laksefisk

Verknad av dei tre alternativa:

1. Situasjonen med eksisterande kraftstasjon kjenner me og med dei utfordringar som har vore spesielt med omløpsventilen som skal sikra vassføring nedstrøms. HE har ikkje fremja søknad om konesjon for dette alternativet. Ser difor ikkje grunn til å gå vidare inn på dette.
2. Eksisterande Tveitafoss kraftverk med dagens aggregat frå 1949 og 1989 og med naudsynt rehabilitering av omløpsventilen. Det er ikkje planlagd endringar i inntak og røyrgate eller kraftstasjon. Sidan HE ikkje har hatt konesjon for Tveitafoss kraftstasjon har det fram til no ikkje vore reglar om vatnslepp ved ulik vassføring. Eit utfall vil kunne innebere dropp i vassføring i 8-10 min., dette er tida det tek for å få tilbake vassføringa på lakseførande strekning. Slik «dropp» er ikkje ynskjeleg og avhengig av kor lenge, ver og temperatur, avgjer den negative effekten.
3. Alternativet (Tveitafoss II) vil bruke eksisterande inntakskonstruksjon, sjakt og tunnel. Nedst på røyrgata installerast eit bukserøyr som deler vatnet mellom eksisterande Tveitafoss kraftverk og nye Tveitafoss II kraftverk. Den nye kraftstasjonen er planlagd på samme kote som eksisterende. Utløpet frå det nye kraftverket er planlagt ca. 70 m oppstrøms dei øvste kulpane som vert nytta av anadrom fisk. I tillegg vert føreslått å installera ein omløpsventil med kapasitet på 5,0 m³ /s i Tveitafoss II. Dette sikrar ein kapasitet på 7,0 m³ /s. Ein evt. stopp i kraftstasjonen vil sidan det leggast opp til ein minstevassføring, innebere kortare tid på å få vassføring på lakseførande strekning enn for Tveitafoss I. Alternativet har større totalslukeevne som medfører at meir vatn totalt vil gå gjennom kraftstasjonen.

HE skriv at alle endringar ved køyring av kraftverket skjer gradvis, og start-stoppkjøring ikkje skal førekoma. Kva HE meiner med «gradvis endring» er ikkje nærare skildra. Men munnleg er vist til dagens sjølpålagde vasstandregulering for inntaksddammen. Dette bør fastsetjast i konesjonsvilkåret slik at ein unngår stranding av fiskeungar og tørrlegging av rogn.

Tidspunkt for smoltutvandring kan variera ein del frå år til år avhengig av når vårflaumen kjem. Den generelle kunnskapen er at smolten vandrar ut under vårflaumen. Med ved ein kald vår, som t.d. i år, er vårflaumen ikkje kome i gang enno. Perioden for å unngå at smolt skal gå gjennom kraftstasjonen kan difor variera frå år til år. Dette bør konesjonsvilkåra ta høgde for ved å fastsetja ein periode som vatnet skal sleppast på overløp.

For Tveitafoss II er ny kraftstasjon vist slik at vatnet frå stasjonen leiast tilbake til Bjoreio ovanfor lakseførande strekning. Dette synest å vera ei god plassering og løysing for å unngå at laks tek seg opp mot kraftstasjonen. Utforming og tilpassing

til eksisterande bygningar reknar kommunen med HE føl opp i eventuell byggjesak.

Måbødalen er eit mektig landskapselement der vassdraget er ein sentral del. Sjølv om Tveitafossen ikkje kan måla seg med Vøringsfossen er det grunn til å sjå verdien i heilskapen. Som vedlegg i søknaden ligg fleire bilete av vassføring i Tveitafossen ved ulik vassføring. Det saknast eit litt meir systematisk utsnitt og biletevinkel for å kunna samanlikna effekten. Det er heller ikkje bilete som viser effekt av vassføring under 2,1 m³/sek. og ned mot førslegne 0,3 m³/sek. som minstevassføring.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning er eit uavhengig råd oppretta av Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet) i 2009. Hovedoppgåva er å:

- 1) beskrive bestandsstatus for laks i forhold til gytebestandsmål, høstbart overskudd, genetisk integritet og trusselnivå
- 2) utarbeide prognoser for innsig av laks når det foreligger et faglig forsvarlig grunnlag for det
- 3) gi råd om beskatningsnivå
- 4) gi råd om andre spesifiserte tema.

Råd for Eidfjordvassdraget, 5 A: *Ikke åpnet for fiske, men sannsynligvis et høstbart overskudd om innsiget blir som i de senere år.*

Utifrå dette rådet synest det som å vera potensial for at laksestamma i Eidfjordvassdraget kan produsera eit haustbart overskot. Dette krev at alle med aktivitet og innverknad på vassdraget, dreg i lag, til beste for villaksen i vassdraget.

Konkret betyr dette å sikra vassføring på gyte- og oppvekstområde og vassføring som gir naturleg smoltutvandring.

Geir Underhaug
rådmann

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

Rett utskrift: